


- Mykje kjekkeare enn skule



DOKTORUTSTYR: - Doktoren sitt utstyr er det stiligaste, konkluderer Sigve Uthaug Dragøy og Tobias Sætre etter å ha sjekka ut emigranthusa på Sletta.



I SKULEHUSET: - Me har lært masse om utvandring, kunne denne gjengen fortelja.

RADØY: Born treng ikkje sitja i eit klasserom for å læra historie og bruka engelsk og data-kunnska-par. Tysdag fekk 5. klasse på Manger skule utforska Utvandringssenteret på Sletta.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

- Det stiligaste er denne her. Det var ei sånn tang som doktoren brukte

- Ja, han brukte tanga for å få ut babyar.

- Og i det skrinet der ligg sprøyter og sånne ting, men det får me ikkje lov å røra.

- Men me kan sjå på dei.

- Ja, for det var ei oppgåve i rebusen at me skulle finna dei.

Sigve Uthaug Dragøy og Tobias Sætre pratar ivrig. Dei to 5. klassingane frå Manger har mykje å

fortelja etter å ha brukt nesten ein heil skuledag på Vestnorsk utvandringssenteret på Sletta.

Pilotprosjekt

Denne hausten starta senteret eit pilotprosjekt der elevar i Nordhordland skal få læra meir om migrasjon og utvandringa, samstundes som dei skal få kontakt med elevar i Nordhordland sitt Søsterby-område Fergus Falls i Minnesota.

Tysdag var 19 elevar på Manger på tur til utvandringssenteret. Der fekk dei høyra om utvandringa og løysa diverse oppgåver.

- Me har fått eit ark med spørsmål som me skal svara på.

” I fengselet var det eit ordentleg fangebur som me fekk gå inn i.

Der er det spørsmål om kyrkja, kor mange som utvandra og kvar dei reiste, seier Julie Ynnesdal, Emma Osa og Sofie Kolstad Tjore. Då Strilen var innom, sat dei inne i Emigrantkyrkja saman med Emil L.

Skjellanger og Ivan Vestheim Johansen og løyste oppgåver.



SJEKK DENNE DÅ: Victoria Risnes og Ine Malena T. Berger var einige med gutane. Utstyret til doktoren er det stiligaste. Det og så fengselet med fangeburet, seier dei.



FANN SVARET: - Me les på plakatane på veggen for å finna svar til rebusen, forklarar Ida Helen Tømmerbakk og Julia Toska.

Når journalisten spør om dei har funne svaret på spørsmåla, kjem det fort jaaa, frå gjengen.

- Det var veldig mange som utvandra. Det reiste mange kvart år i fleire år.

- Ja, det var 7.500.000 som reiste frå Noreg. Nei, det var feil. 750.000 skal det vera, seier Ivan.

- Ja, 750.000, svarer Emma.

Dei kan også fortelja at dei som reiste ut kom først til New York.

- Og så reiste dei vidare derifrå. Kanskje til Dakota og til Canada, seier dei.

- Svara på mange av spørsmåla har me funne i bøker her i kyrkja, og så lærte me litt av det før i dag også, seier Julie.

Fann sprøyter og kiste

Medan ein gjeng sat inne i kyrkja og løyste oppgåver, var ein annan gjeng i gang med å løysa ein rebus nede i Emigrantlandsbyen.

- Me har eit ark med bilde av forskjellige ting og så skal me finna ut kva dei forskjellige husa

vart brukt til, forklarar Victoria Risnes og Ine Malena T. Berger.

- Me har funne ut kva dei tinga på bilda er. Det eine er ein boks med sprøyter som doktoren brukte, og det andre er hjørne på ei kiste som stod i eitt av husa. Den siste var vanskeleg for bildet på arket vårt viser berre eit lite hjørne av kista, men me fann den. Den stod i det huset der borte, seier jentene og peikar.

I løpet av rebusen var dei innom alle husa i Emigrantlandsbyen.

Fengsla

- Det gøyaste var fengselet og doktorkontoret. I fengselet var det ordentleg fangebur som me fekk gå inn i, og på doktorkontoret er det mange ting som legen brukte, seier jentene. Dei synets skuledag på Utvandringssenteret var kjempegøy.

- I tillegg til rebus, så har me laga teikningar av kva me ville hatt med oss viss me skulle utvandra, og så har me lært om utvandring, og så har me hatt

” Legen brukte tanga for å få ut babyar.



FULL FART: Elevane sprang frå hus til hus for å leita opp svar til rebusen.

matpause der me leika «Bom 25». Det er mykje kjekkare å vera her enn på skulen, slår jentene fast før dei hastar vidare til nye oppgåver.

Blogg og Skype

At elevane hadde det kjekt var heller ikkje lærarane deira i tvil om. Gjennom samarbeidsprosjektet med Utvandringssenteret

får elevane både lært litt historie og erfaring med å bruka engelsk og data.

Tilbake på skulen skal elevane nemleg få dela kunnskapen dei har tileigna seg via ein blogg, og dei kan kommunisera via mail, chat og Skype med elevar i Fergus Falls.

- Førebels er dette eit forprosjekt, men me håpar at det kan utvikla seg til å bli ei fast utveks-

ling og kontakt mellom skular og museum i regionen, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen som er vikarierende avdelingsleiar ved Utvandringssenteret.

Ho hadde ein travel dag tysdag. På føremiddagen var ho i aksjon med skuleelevane, og på kvelden var det kurs i slektsgranskning for vaksne.

- Begge deler er veldig kjekt, seier ho.